

DELEGASJONSREGLEMENT FOR BJØRGVIN BISKOP

Under følgjer delegasjonsreglement for Bjørgvin biskop til stiftsdirektøren. Reglementet har sin bakgrunn i tenesteordning for biskop, lov om Den norske kyrkja og anna lovverk og regelverk som regulerer biskopen si teneste. Delegasjonsreglementet er drøfta i staben på Bjørgvin bispedømekontor og med Presteforeininga.

Heimelen til delegasjon går fram av dei einskilde punkt i reglementet.

1. Innleiing: Prinsipp for utøvinga av delegert mynde.

- 1.1 Saker av stor prinsipiell karakter skal leggjast fram for biskopen til drøfting og vedtak. Dersom det på grunn av tidsramma ikke let seg gjere å handsame slike saker av biskopen, kan saka handsamast av stiftsdirektøren etter drøfting med biskop eller fungerande biskop.
- 1.2 Når biskopen har fastsett nærmere bestemte retningsliner eller reglement, skal Stiftsdirektøren sine avgjerder vere innanfor ramma av det som der er fastsett. Dei mål som er nedfelt i Plan for verksemda (tiltaksplanen) for Bjørgvin bispedøme skal vere retningsgjevande i den daglege forvaltning av myndet i denne delegasjonen. Bjørgvin biskop skal handsame saker som kan skape presedens. Dette gjeld særskild når eit saksfelt vert handsama for fyrste gong.
- 1.3 Forvaltninga skal skje i tråd med gjeldande lover og forskrifter. Personalforvaltninga skal skje i samsvar med lover og avtaleverk i staten og i samsvar med Internkontrollhandbok for Bjørgvin bispedøme.
- 1.4 Biskopen får fortløpande informasjon om vedtak etter delegasjon. Det skal kvartalsvis leggast fram oversyn over delegerte vedtak i siste kvartal.
- 1.5 Vidare delegasjon av mynde etter dette delegasjonsreglementet skal godkjennast av biskopen.

2. Personalforvaltninga. (tenesteordning for biskop)

- 2.1. Biskopen delegerer til stiftsdirektøren å ta avgjerd i spørsmål om permisjonar (studie-, annan stilling, svangerskap, m.m.) inntil 12 mnd. og å tildele ferie for tilsette som kjem inn under tenesteordninga for biskopar. Permisjonar utover det som er nemnt her skal leggjast fram for biskopen.
- 2.2. Biskopen delegerer til stiftsdirektøren å engasjere vikar til ledige prestestillingar når bispedømerådet stiller midlar til disposisjon for det. Biskopen godkjenner vikarar som er nye i bispedømet.

- 2.3. Biskopen delegerer til Stiftsdirektøren å pålegge fast tilsett prest å utføre vikarteneste og betjene ledig stilling når det ikkje vert sett inn eigen vikar.
 - 2.4. Biskopen delegerer til Stiftsdirektøren å organisere arbeidsrettleiing (ABV) for prestar, kateketar og soknediakonar. Mynde til å oppnemne og inngå avtale med nye arbeidsrettleiarar vert ikkje delegert.
- 2.5 Gjeldande reglar for arbeidstakrarar sin rett til å ta del i avgjerdsler skal praktiserast ved at det vert gjennomført drøftingsmøter med tenestemannsorganisasjonane. Stiftsdirektøren representerer arbeidsgjevar i desse møta.
- 2.6 Stiftsdirektøren vert gjeven mynde til å representere biskopen som arbeidsgjevar (etter Hovudavtalen) i det daglege og representere biskopen i partssamansette utval. Unntaket er der avtaleverket krev at øvsteleiing er deltakande.

3. Delegasjon etter Lov om Den norske kyrkja av 7.juni 1996.

Stiftsdirektøren vert gjeve fullmakt til å treffen vedtak knytt til følgjande reglar:

- 3.1. - etter søknad frå vedkommande sokneråd samtykke i at ein person for eit avgrensa tidsrom får stemmerett i eit anna sokn enn det vedkommande er busett i jmf. kyrkjelova § 4, 2.lekken.

4. Delegasjon av mynde gjeve frå Kyrkjedepartementet.

Stiftsdirektøren får delegert mynde til å gjere vedtak i følgjande saker der biskopens mynde er delegert frå departementet:

- 4.1. - å gje løyve til å føre opp bygg nærmare kyrkja enn 60-meter i spredtbygd område, jfr. kyrkjelova § 21 femte ledd, og delegasjon frå departementet til biskop av 15.4.2000.
- 4.2. - å samtykke i at slektsgranskurar og andre etter søknad får rett til innsyn i kyrkjebøker når det har gått meir enn 60 år sidan siste innføring vart gjort, jfr. delegasjonsbrev frå departementet av 06.09.96.

5. Delegasjon av mynde etter reglar fastsett av Kyrkjemøtet.

Stiftsdirektøren får delegert mynde til å gjere vedtak i følgjande saker der biskopens mynde er heimla i vedtak i kyrkjemøtet:

- 5.1. - å godkjenne konfirmantplanar innsendt av sokneråd, jfr Kyrkjemøte sitt vedtak i sak 9/97 Plan for konfirmasjonstida for den norske kyrkja.